



For dei mange
- ikkje for dei få

Bjørnafjorden SV
Valprogram 2023 – 2027



Innleiing

Bjørnafjorden SV sitt program for perioden 2023-2027 vil gje ein kommune som tek betre vare på innbyggjarane sine, spesielt dei som treng det solidariske fellesskapet i kommunen mest. SV vil skifta kurs og styrka vår felles velferd.

Kommunen må ha gode nok økonomiske rammer til å sikra at alle kan leva gode og trygge liv, uavhengig av økonomiske og personlege føresetnader. Vi seier nei til å kutta vidare frå eit allereie lågt tenestnivå.

For å sikra velferdstenestene lokalt og for å gje lokaldemokratiet reelt politisk handlingsrom, vil vi arbeida for auka statlege overføringar. Vi ønskjer at Stortinget reduserer skiljet mellom velstående og mindre velstående kommunar. I tillegg vil Bjørnafjorden SV hindra velferdskutt og nedleggingar av skular ved å innføra eigedomsskatt med klår sosial profil.

Vår ryggmargsrefleks er å verna dei svake og hjelpa dei som treng vår hjelp. Vi vil ta imot fleire menneske på flukt. Vi arbeider for å byggja eit likestilt samfunn og ein kommune med små forskjellar mellom folk. SV skal systematisk kjempa mot rasisme, trakassering, diskriminering og ekskludering i heile vårt samfunn; på skular, i idretten, på bustadmarknaden og i arbeidslivet.

Vi ønskjer å skapa ein miljøkommune der dei fleste kan gå eller sykla til arbeid, skule og fritidsaktivitetar, og der kollektivtilbodet er eit reelt alternativ til privatbilisme.

Bjørnafjorden SV vil byggja ein betre kommune. Det krev ei ny og solidarisk retning. Bli med og ta kampen for dei mange, ikkje for dei få. Stem SV!

Kapittel

1. Helse og velferd
2. Oppvekst
3. Utvikling
4. Klima og miljø
5. Arbeidslivspolitik i kommunen
6. Demokrati, openheit og tillit
7. Kultur

Helse og velferd

Bjørnafjorden SV vil ha ei godt utbygd helse- og omsorgsteneste der alle innbyggjarane i Bjørnafjorden skal vera trygge på at dei får den hjelpa dei treng, uavhengig av økonomien deira eller kvar i kommunen dei bur.

Helsetenesta er eit offentleg ansvar som skal drivast av det offentlege. Vi ønskjer ei sterk, offentleg helseteneste som arbeider førebyggjande. Dei tilsette skal ha medråderett, gode løns- og arbeidsvilkår og føreseielege vilkår elles.

SV vil:

- ikkje kutta i tilbod innan helse og velferd,
- behalda dei diagnosespesifikke stillingane og miljøa vi har i kommunen,
- ha ei sterk satsing på kvardagsrehabilitering,
- auka satsane for sosialstønad,
- satsa på Bjørnafjordsmodellen for fastlegane og utvikla den vidare etter behov,
- sikra fullverdig legevakt på Moberg og i Eikelandssosen,
- utvikla eit betre og meir variert dagtilbod for innbyggjarar med særskilde behov.

Psykisk helse

Det er viktig med førebyggjande psykisk helsevern, tidleg identifisering og behandling av psykisk uhelse, og utjamning av sosiale og økonomiske forskjellar. Vi vil førebyggja psykiske helseplagar ved å auka kompetansen på psykisk helse hos både elevar og undervisningspersonale.

SV vil:

- styrka lågterskeltilbod med psykologhjelp og rask psykisk helsehjelp,
- styrka førebyggjande psykisk helsevern og tidleg intervensjon,
- oppretta fleire tilrettelagde arbeids- og aktivitetstiltak for personar med redusert arbeidsevne,
- tilsetta fleire miljøarbeidarar og miljøterapeutar i skulen,
- ha psykologar i skulehelsetenesta.

Eldreomsorg

Eldre skal ha livskvalitet og verdigheit i alderdommen. Dei som får ulike fysiske og psykiske helseplager, treng gode og varierte offentlege tenester av høg kvalitet. Vi må investera meir i eldreomsorga for å sikra god nok kapasitet og bemanning i tilbodet.

SV vil:

- ikkje tillata konkurranseutsetting og anbod i eldreomsorga,
- at alle eldre skal kunna leva gode liv med størst mogleg grad av medråderett,
- satsa på kompetanseheving slik at dei tilsette kan til å yta gode tenester,



**For dei mange
– ikkje for dei få**

- sikra ein fleirfagleg tilnærming der ulike yrkesgrupper og profesjonar saman skapar ei god og heilskapleg teneste,
- involvera tilsette, eldre og pårørande aktivt i utviklinga av tenestene,
- kartlegga einsemd og psykiske helse blant dei eldre i Bjørnafjorden kommune.

Heimetenester

I ei god og omsorgsfull heimeteneste krevst det tid til å utvikla gode relasjonar og tillit mellom dei som jobbar i heimetenestene og dei som mottek hjelpa.

SV vil:

- redusera eigendelar for heimetenester, og at heimesjukepleie framleis vert gratis,
- større fokus på sosial omsorg i heimetenestene for å førebyggja einsemd blant eldre,
- at alle eldre skal kunne få faste heimehjelparar og heimesjukepleiarar

Sjukeheimar og omsorgsbustadar

Plass på sjukeheim eller omsorgsbustad må vera tilgjengeleg utan urimeleg kø og ventetid. Tilbodet må sikra dei pleietrengande god livskvalitet.

SV vil:

- at alle som har behov for det, får sjukeheimplass eller omsorgsbustad innan ein månad etter at behovet er fastslått,
- byggja ut avlastningstilbod som t.d. dagsenter og avlastning/korttidsopphald i institusjon i samsvar med behov,
- at det vert vidareutvikla individuelt tilpassa avlastningstiltak for personar med demenssjukdom,
- sikra eldre tilgang på psykisk helsehjelp,
- betra tilgangen på psykolog og samtaleterapi på sjukeheimane.

Rusomsorg

Bjørnafjorden SV vil kjempa mot marginalisering og stigmatisering av rusavhengige. Alle som er rusavhengige skal ha rett til avrusing, behandling og oppfølging. Vi har som mål å redusera rusavhengigheit i kommunen ved førebyggjande arbeid og ved å tilby rusfrie arenaer.

SV vil:

- styrka det offentlege behandlings-, bu- og omsorgstilbodet,
- sikra trygge bustader med oppfølging for den enkelte rusavhengige,
- utvikla trygge møteplassar for rusavhengige, med moglegheit for meningsfylt aktivitet,
- ha fleire tiltak som integrerer dei med utfordringar knytt til rus og psykiatri i arbeidslivet,
- arbeida for at ansvaret for ruspolitikken skal flyttast frå justisdepartementet til helsedepartementet.



For dei mange
- ikkje for dei få

- styrka tilbodet til pårørande til rusavhengige,
- auka innsatsen mot rus i arbeidslivet,
- ivareta eksisterande alkoholfrie arenaer, som parkar og idretts- og kulturarrangement der barn og unge deltek.

Oppvekst

Bjørnafjorden SV vil at alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune skal ha tilgang til:

- gode og trygge barnehagetilbod,
- ei god skule og skulefritidsordningar som gjev gode oppvekstvilkår,
- ein trygg barndom uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn.

Alle barn og unge må få oppleve meistring, trivsel og fellesskap og få eit allsidig aktivitetstilbod knytt til lokalmiljøet. Fattigdom i barnefamiljar må førebyggjast og bøtast på i kommunen vår.

SV vil:

- seia nei til nedleggingar, vi vil behalda dei skulane og barnehagane vi har i dag,
- gje alle barn rett til barneskule- og barnehagetilbod i sitt eige nærmiljø,
- løyva meir pengar til SFO, skular og barnehagar for å få auka bemanning, betra tilrettelagde tilbod og betra støttetiltak,
- innføra eit kommunalt kultur- og fritidskort for ungdom,
- at kommunen skal dekkja eigendel til idrett og kultur for barn i familiar med låg inntekt,
- styrkja tidleg innsats i barne- og ungdomsskulen for å førebyggja fråfall seinare,
- sikra aktivitetstilbod i fellesferien for barn mellom 6 og 16 år, i samarbeid med ideelle organisasjonar,
- styrkja fritidstilbod og tiltak der barn og unge sjølv deltek aktivt i organisering og drift av tilbodet.

Barnehagen

Vi ønskjer ein nærbarnehage der pedagogiske leiarar har tid og rom for å gjennomføra og leia det pedagogiske arbeidet i barnehagen og sørga for at alle barn får eit tilrettelagt tilbod. Alle overføringar til barnehagane skal komma barna til gode.

SV vil:

- at bemanningsnorma i barnehagen skal gjelda i heile opningstida,
- styrka dei tilsette sin kompetanse med etter- og vidareutdanning, i tett samarbeid og dialog med dei tilsette sine arbeidstakarorganisasjonar,
- styrka det pedagogiske tilbodet til barn med særskilte behov,
- syta for regelmessige tilsyn for å sikra at tilskot til private barnehagar går til barna.
- at alle framtidige barnehagar skal vera kommunale,
- rekommunalisera private barnehagar når høvet ligg til rette.

Skulen

Vi vil ha ei skule med nok ressursar, kompetanse, lærarar og andre tilsette. Vi seier klårt og tydeleg nei til kutt, nedskjeringar og dårleg skuleøkonomi. Bjørnafjorden SV vil skapa ei skule basert på tillit til lærarane si kompetanse.

SV vil:

- ha fleire og kvalifiserte lærarar slik at lærarnorma vert følgd,
- styrka laget rundt lærarane med fagressursar på barn og unge,
- auka bredda i opplæringstilbodet for å betre treffa elevar med ulike behov,
- at lekser i hovudsak skal løysast på skulen,
- arbeida mot mobbing, diskriminering, rasisme og seksuell trakassering i skulen,
- at alle barn skal ha ein trygg skuleveg,
- at elevar skal ha krav på kvalifisert vikar frå første dag,
- at alle aktivitetar i skulen sin regi skal vere gratis,
- arbeida for å behalda dei tre vidaregåande skulene vi har i kommunen i dag.

SFO

Skulefritidsordninga (SFO) er ein stor del av det sosiale livet for mange barn og bør vera heilt gratis, i heile opningstida.

SV vil:

- seia nei til auka i foreldrebetaling,
- arbeida for gratis SFO på sikt, på vegen mot at tilbodet blir ein del av skuledagen,
- ha betre bemanning med kvalifiserte tilsette,
- ha ferie-SFO på fleire skular og arbeida for at denne skal vera inkludert i standardbetalinga så lenge SFO ikkje er heilt gratis.

Barnevern

Barnevernet må sikrast dei ressursane som trengst for at barn og unge i Bjørnafjorden skal få nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Eit solid og kompetent barnevern er viktig både for det enkelte barnet og i kampen mot auka sosiale forskjellar.

SV vil:

- styrka økonomien og det tverrfaglege samarbeidet i Familiens hus,
- styrka økonomien og bemanninga i barnevernet og sikra at kvar krone i tenesta kjem barn og unge til gode gjennom sterke, kommunale tenester,
- styrka kompetansen i barnevernet innanfor fagfelte rus, psykiatri og traumeforståing,
- leggja til rette for ein betre og breiare oppfølging av barn i fosterheim,
- sikra at tilsette i barnevernet har nok tid til fagleg utvikling og systematisk rettleiing som fremmar kompetanse, kritisk sjølvrefleksjon og god rolleforståing for alle tilsette i eininga.

Utvikling

Næring, transport og landbruk

Bjørnafjorden SV ønskjer ei grøn og berekraftig næringsutvikling med vekt på å utvikla arbeidsplassar der folk bur. Vi vil ha verksemder som tek arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø på alvor.

Bjørnafjorden treng fleire arbeidsplassar. Vi vil sikra gunstige vilkår for gründerar og små og mellomstore bedrifter som skal etablera seg og gro i kommunen. Dei er ryggrada i eit berekraftig og levande lokalsamfunn.

SV vil:

- innføra ein eigeidomsskatt for bustader og næringseigedomar, med botnfrådrag, som gir betre økonomisk handlingsrom samtidig som den er sosial og omfordelende,
- leggja til rette for gründerar og arbeida for kommunal garanti for startkapital,
- utnytta dei strategisk viktige næringsområda i kommunen på ein grøn og berekraftig måte,
- styrka støtteordningar til privatpersonar og bedrifter som ønsker å starta grøn næringsverksemd, særleg i samarbeid med forskingsinstitusjonar,
- at kommunen skal stilla krav til grønne, utsleppsfrie og sirkulære løysingar i innkjøps- og anbudsordningar for å stimulera utviklinga av eit grønt næringsliv i Bjørnafjorden kommune,
- ha eit delvis bilfritt Osøyro sentrum, med moglegheit for transport av varer innanfor enkelte tidsrom,
- at Bjørnafjorden kommune aktivt skal arbeida for å endra til eit tobomssystem på sidevegane mot Bergen, med gratis passering av éin bom,
- betra gang- og sykkelvegnett i kommunen
- prioritera betre vedlikehald av kommunale vegar,
- at matproduksjon må prioriterast, og at omdisponering av matjord og landbruksareal til andre formål som grunnregel ikkje skal skje,
- at småskala landbruk og kortreist- og økologisk matproduksjon må sikrast gode vilkår,
- at dyrehelse og dyretrivnad må liggja til grunn for infrastrukturen i husdyrhaldet.

Bustad

Utviklinga i Bjørnafjorden kommune må ta utgangspunkt i ein heilskapleg plan som både sikrar samfunnsmessige omsyn og omsynet til estetikk og kvalitet. Vi må kjempa mot eit aukande press frå utbyggjarar som vil byggja bustadar og næring på eller ved dyrka mark, eller i strandsona og anna verdifullt areal tett på naturen.

Bjørnafjorden SV vil prioritera natur og folks helse, tryggleiken til dei mjuka trafikantane og gjera det lettare for folk å leva miljøvenlege liv og kunna sykla, gå og reisa kollektivt i kvardagen.

SV vil:

- ha ei sterkare demokratisk styring av utbygginga i Bjørnafjorden kommune,
- ha ei moderat fortetting av sentrumsområda ved at nye bustadar og prosjekt i hovudsak skal byggjast nær knutepunkta for kollektivtransport i kommunen,



- sørgja for ein variert samansetting av bustadtypar,
- prioritera byggjeprojekt som tek miljøomsyn og legg til rette for gode liv og god folkehelse, det kan t.d. handla om solceller, grønne tak, leikeplassar, gangveg og trafikksikring, fellesareal, betre tilpassing til terreng, bevaring av natur osb.,
- bruka Bjørnafjorden Utviklingsselskap til å sørgja for bustadbygging i bygdene ved å tilby rimelege tomtar og tilrettelegging,
- vurderer kommunale tiltak som unntak frå eigedomsskatt ein periode, gratis tilkopling til vatn og avlaup, gratis internett og liknande i område som slit med fråflytting, men der infrastruktur som t.d. skule og barnehage er på plass,
- ta vare på verna og verneverdige bygg,
- byggja fleire kommunale bustadar i god geografisk spreieing,
- sikra tilfredsstillande bumiljø og miljøstandard på dei kommunale bustadane vi allereie har,
- etablera fleire «leige til eige»-prosjekt for unge etablerarar og utvikla eigne prosjekt for bygging av rimelege bustadar for desse gruppene.

Klima og miljø

Bjørnafjorden SV ønskjer ein meir aktiv og solidarisk miljøpolitikk. Vi vil alltid prioritera natur og folks helse framfor retten til å forureina, og vi vil gjera det lettare for innbyggjarane å leva miljøvenlege liv. Det beste vi kan gjera for å redusera miljøbelastninga ved energiproduksjon, er å redusera energibruken så mykje som mogleg og nytta energien klokt.

SV vil:

- jobba mot Hordfast, heilt frå kommunenivå til Stortinget. Vi ønskjer ei bru som bind kommunedelane tettare saman, men ikkje monsterbru over Bjørnefjorden,
- ha ein forpliktande klimarekneskap med konkrete utsleppsmål for Bjørnafjorden kommune,
- at alle planar som fremjast for kommunestyret skal gjera greie for klimafotavtrykk og klimakonsekvens av tiltaket,
- redusera transportbehov, energibruk og klimautslepp og prioritera fotgjengarar, syklistar og kollektivtransport i all arealplanlegging,
- etablera trygg sykkelparkering på Osøyro og i Eiklandsosen, ved skular og dei største arbeidsplassane,
- betra kollektivtilbodet både mot Bergen og ut i krinsane i heile kommunen og arbeida for gjeninnføring av direktebuss til Haukeland Sjukehus,
- arbeida for å få heile kommunen inn i takstzone A for kollektivtrafikk,
- at nye køyretøy eigde av kommunen skal vera EL-bilar/nullutsleppskøyretøy,
- at kommunen legg til rette for fleire ladestasjonar for elbilar på begge sider av Bjørnefjorden,
- handheva strandsonevernet strengt og stoppa alle forsøk på å hindra allmenn tilgang til sjø.
- verna trua og raudlista artar i Bjørnafjorden kommune,
- fasa ut unødvendig plastbruk i all kommunal verksemd, organisera rydding av plastavfall frå kystområde og vassdrag og samarbeida med næringslivet for å redusera plastbruk,
- stilla krav om energieffektivisering og fornybar energiproduksjon ved kommunale nybygg og renoveringar,
- at arbeidet med å redusera matsvinn blir integrert i kommunale planar og strategiar,



For dei mange
– ikkje for dei få

- kartlegga ras- og flaumfare i heile kommunen,
- ta omsyn til risiko for ras, flaum eller havnivåstiging i nye byggeprosjekt og setja i verk sikringstiltak der bygg og struktur er i faresona.

Arbeidslivspolitik i kommunen

Kommunen må jobba målretta for å ta arbeidstakarane sine grunnleggjande rettar og interesser på alvor, leggja til rette for fagleg og personleg utvikling og tilby heile og faste stillingar. Vi ser på fagrørsla og dei tillitsvalde som medspelarar og ønskjer eit tett samarbeid for å sikra tilsette i kommunen medverknad og reell medråderett i eigen arbeidskvardag.

Bjørnafjorden SV seier nei til privatisering og konkurranseutsetting av kommunale tenester!

SV vil:

- driva mest mogleg av kommunal verksemd i eigen regi ved bruk av kommunalt tilsette i heile og faste stillingar.
- ha fokus på likeløn og like moglegheiter i all kommunal verksemd,
- redusera bruken av midlertidige stillingar og vikarar til eit minimum gjennom auka grunnbemanning,
- utvida felles kommunal bemanningsteneste med fleire tilsette i heile, faste stillingar, og på sikt avvika bruk av kommersielle bemanningstenester,
- at dei tilsette alltid skal vera med når kommunen sine tenestetilbod skal evaluerast og utviklast,
- kjempa mot frykktkultur, sikra tilsette si ytringsfridom og styrka varslarar si stilling, blant anna gjennom eit godt samarbeid mellom tillitsvalde, kommuneadministrasjon og politikarar,
- leggja til rette for etter- og vidareutdanning av kommunalt tilsette, i tett samarbeid og dialog med dei tilsette sine arbeidstakarorganisasjonar,
- oppretta fleire læreplassar i Bjørnafjorden kommune og ta imot lærlingar i alle fagområde,
- auka deltakinga i arbeidslivet for utsette grupper ved aktivt å reservera konkurransar for arbeidsmarknadsbedrifter ved innkjøp av varar og tenester, der det høver.
- at private bedrifter som inngår kontrakt med kommunen skal nytta eigne, faste tilsette med fagbrev. Det skal vera krav om ha lærlingar og krav om landsomfattande tariffavtale eller at ein følgjer tariff for den aktuelle bransjen,
- stilla krav om at underleverandørar må namngjevast og inngå som del av anbodet, inkludert dokumentasjon på løns- og arbeidsvilkår, fagopplæring og lærlingar.

Demokrati, openheit og tillit

Bjørnafjorden SV ønskjer å styrka folkemakta gjennom eit ope demokrati der innbyggjarar og grasrotorganisasjonar blir høyrde og har innverknad. Demokrati på arbeidsplassen er ein viktig del av den norske arbeidslivsmodellen. Gode kommunale tenester får vi når dei tilsette får fagleg fridom, tid nok og tillit. Derfor seier vi nei til konkurranseutsetting og privatisering av kommunale tenester.

Gjennom samarbeid med fagforeiningar og brukarorganisasjonar vil SV sikre meir makt og fridom til dei som jobbar for og dei som er avhengige av fellesskapet.

SV vil:

- sikra at all sakshandsaming er ope med reelle høve til offentleg debatt før vedtak.
- nytta lokale folkeavrøystingar i viktige politiske spørsmål for å auka innbyggjarane sin påverknad på politikken,
- styrka ordninga med innbyggjarinitiativ, blant anna ved å gje forslagsstillar talerett i kommunestyret når saka skal opp og gje rett til støtte frå tilsette i kommunen til å vidareutvikla forslaget,
- innføra sms- eller e-post-varsling til innbyggjarane om sakar som er viktige i deira nærmiljø, og informasjon om korleis dei kan påverka,
- samarbeida med fagforeiningar, tillitsvalde og brukarorganisasjonar for å gje både tilsette i og mottakarar av kommunale tenester meir makt i eigen kvardag,
- styrka partssamarbeidet i kommunen og alltid presentera ope synspunkta frå dei tillitsvalde i sakshandsaminga i kommunen,
- avskaffa stoppeklokketyranniet i all kommunal verksemd og revurdera all rapportering i samarbeid med dei tillitsvalde for å finna tidstjuvar som tek merksemda bort frå arbeidet med å yta og utvikla gode tenester,
- redusera politikalønningar, leiarlønningar og styregodtgjersler i selskap der kommunen er største aksjonær.

Kultur

Kunst og kultur er avgjerande for livskvaliteten og folkehelsa vår og for å sikra eit levande og kritisk offentleg ordskifte. Det er nødvendig med ein aktiv kommunal kulturpolitikk som sikrar alle barn og unge tilgang til gode kultur- og fritidsaktivitetar.

SV vil:

- at omsynet til kultur og miljø vert prioritert ved rullering av kommuneplanen,
- sikra gode økonomiske rammar og ubyråkratiske stønadsordningar for det frivillige kulturlivet,
- gje kunstnarar og kulturarbeidarar betre og meir føreseielege arbeidsvilkår, blant anna med stipend som gir opptening av trygderettar og pensjonsrettar,
- leggja til rette for auka tur- og friluftsliv, t.d. med merkte kulturstiar og løyper,
- at frivillige lokale lag og organisasjonar i Bjørnafjorden kommune får rimelege leigepisar i kommunale kultur- og idrettsbygg,
- at lokale lag og organisasjonar ikkje skal betala høgare leige i Oseana enn dei gjorde i Fjellheim,
- støtta lag og organisasjonar med prioritering av tiltak som stimulerer skapande eigenaktivitet,
- ha fleire og billigare plassar på kulturskulen slik at færrast mogleg vert ekskluderte grunna høge prisar,
- styrka biblioteka som kunnskapsbase, debattarena og møteplass og nytta biblioteka for å førebyggja digitalt utanforskap,
- sikra kulturminne på grunnlag av ein vedteken plan for kulturminnevern,
- støtta Oselvarverkstaden og vidare utviklinga av den,
- ta vare på dei tradisjonelle handverksfaga i kommunen.

Støtt SV i kampen for ein ny kurs og ein betre kommune:

www.sv.no/bli-medlem/

